

Landbruksdepartementet

Dykkar ref.

Vår ref.
05/1306-7 14/483
Endre Gjil

Arkivkode:
V

Dato:
21.01.2014

SULDAL KOMMUNE, HØYRINGSUTTALE TIL FORSLAG OM Å OPPHEVA PRISKONTROLLEN FOR LANDBRUKSEIGEDOMAR

Suldal kommune syner til høyringsbrev vedkomande forslag om å oppheva priskontrollen i konsesjonslova.

I vår kommune har priskontrollen hatt stor effekt for prisutviklinga på landbrukseigedomar.

Konkret har prisen blitt redusert som følgje av at kommunen har avslått konsesjonssøknader med grunngjeving i at prisen er for høg. Men i ennå større grad har regelverket om priskontroll ført til at den avtala kjøpesummen i utgangspunktet er mindre enn det ein kunne oppnådd i ein uregulert marknad. Sjølv om det ikkje er ein direkte samanhang har og landbruksdepartementet sitt rundskriv om priskontroll hatt stor verknad for prisvurderinga på gardsbruk som vert selde konsesjonsfritt innan familien.

Ulempa med priskontrollen er først og fremst at seljaren får mindre for eigedommen enn det han kunne fått i ein uregulert marknad. Fordelen er at kjøparen må betala mindre for eigedommen enn han elles mått gjort. Utan priskontroll kan gjelda for kjøparen bli for stor i høve eigedomen si avkastingssevne. Utan priskontroll kan og eigedomen bli seld til andre føremål enn til landbruk.

Kommunen merkar stor interesse for kjøp av landbrukseigedomar som er for sal. Det er ei aukande interesse frå kapitalsterke interessentar som ynskjer å kjøpa landbrukseigedomar i Suldal til jakt og fritidsføremål. Men konsesjonslovgjevinga gjer at dei ikkje kjem i posisjon i samband med handelen. Dersom priskontrollen vert oppheva er det all grunn til å tru at slike interesser i sterkare grad kjem på banen.

Inntektsnivået i landbruket er lågt. Det gjer at dei som skal driva tradisjonelt landbruk og ha inntekta si frå jorda, ikkje kan konkurrera med andre interesser dersom priskontrollen vert oppheva.

Kommunen er ikkje samd i at oppheving av priskontrollen i noko grad vil føra til at eigarane vil investera meir i driftsapparatet for så å få dette att i samband med sal. Ei oppheving av priskontrollen vil i denne kommunen, heller føra til at andre enn dei som vil drive jorda vil kjøpa eigedommane. For desse kjøparane er betalingsviljen knytt til andre verdielement enn driftsbygningane.

Postadr.
Eidsvegen 7, 4230 SAND
Besøksadresse
Garaneset

Sentralbord
52 79 22 00
Direkte tlf.
52 79 24 01

Telefaks
52 70 24 05
E-post
postmottak@suldal.kommune.no

Bankgiro
3202.07.01152
Org. nr.
964979189

Når eigarar eller familie vel å ikkje selja ein eigedom er årsakene til det mange og samansette. Det er minst like mykje snakk om følelsar og tradisjonar knytt til eigedomen som til kva ein kan få for bruket i ein marknad. Me er ikkje overtydde om at vesentleg fleire bruk vil koma for sal og bli selde som tilleggsjord eller som sjølvstendige og aktive bruk om marknaden skal styra prisen utan politisk påverknad.

Kommunen er samd i at ein bør ta omsyn til buverdien knytt til landbrukseigedomar i samband med konsesjon. Slik det er i dag med ei nedre konsesjonsgrense på kr 2 500 000 meiner me dette er godt ivareteke. Dert er og ei grense som kan justerast av departementet etter som tida og tilhøva krev det.

Spørsmåla om priskontroll er i realiteten eit spørsmål om det er dei som ynskjer å gå ut or næringa som skal ha størst prioritet eller om det er omsynet til dei som vil inn i næringa som skal tilleggjast størst vekt. Suldal kommune ynskjer å leggja til rette for dei som skal inn i næringa. Kommunen vil på det sterkast rå til at regelverket om priskontroll ikkje vert oppheva.

Med helsing

Torkel Myklebust
ordførar

Endre Gjil
bygdeutviklingssjef